



SAKSFRAMLEGG

Budsjett 2022 med handlingsdel, budsjett og økonomiplan 2022 - 2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Velferdsutval	37/21	17.11.2021
Samfunnsutval	64/21	16.11.2021
Arbeidsmiljøutval	32/21	11.11.2021
Administrasjonsutval	21/21	18.11.2021
Råd for eldre	11/21	15.11.2021
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	11/21	15.11.2021
Formannskap	113/21	25.11.2021
Kommunestyre	93/21	02.12.2021

Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek forslag til budsjett 2022 og økonomiplan/handlingsprogram 2022-2025 slik det ligg føre i innstillinga frå rådmannen. Jf. kommunelova § 14-3. 4 ledd, vert framlegg til økonomiplan og årsbudsjett lagt ut til offentleg ettersyn i 14 dagar.
2. Det kommunale skatteøyret vert fastsett til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek.
3. Kommunestyret vedtar følgjande for eigedomsskatteåret 2022 i Seljord kommune:

A. For eigedomsskatteåret 2022 skal det skrivast eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav a.

B. For eigedomsskatteåret 2022 skal det òg skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" i samsvar med overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2022 vere lik 3/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk, som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom.

C. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2022 er 7 promille. For bustadar og fritidsbustadar er skattesatsen for skatteåret 2022 1 promille. Jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd og § 13 andre ledd.

D. Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd, med forfall 20. mars, 20. juli og 20. november.

4. Investeringsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av «Bevilgningsoversyn investering» og «Investeringar i varige driftsmidlar». Sum investeringsutgifter i 2022 er kr 48.112.000. Opptak av lån i 2022 er kr 27.617.000. I tillegg kjem kr 1.000.000 i Startlån til vidare utlån.
5. Driftsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av «Bevilgningsoversyn drift, del A og B». «Sum bevilgningar drift, netto» er i 2022 kr 218.638.484, som er vedteke fordelt på programområder, einingar, ansvar og del av ansvar, slik det går fram av «Bevilgningsoversyn drift del B».
6. Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost. Innan VARF-området vert sjølvkost rekna ut i frå prinsippet om 100% dekningsgrad. Andre kommunale prisar og gebyrsatsar blir vedtekne slik det går fram av vedlegget «Oversyn over betalingssatsar for kommunale tenester 2022».

Innleiing:

Kommunestyret fekk i eit utvida møte den 4. november ei orientering om rådmannens forslag til budsjett 2022 og budsjett og økonomiplan 2022 – 2025.

Dette saksframlegget skal til politisk handsaming i alle politiske utval, med start i samfunnsutvalet den 18. november og til slutt for endeleg handsaming i kommunestyret den 16. desember.

Formannskapetets innstilling til budsjettvedtak blir lagt ut til offentleg ettersyn. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, råd for eldre og ungdomsråd får saka til uttale.

Fakta:

Rådmannen legg med dette fram forslag til budsjett 2022 og budsjett og økonomiplan med handlingsdel 2022 – 2025. Rammene for dokumentet bygger på gjeldane økonomiplan og framlegg til statsbudsjett for 2022 Prop. 1S.

For 2022 er det budsjettert med kr 207.738.000 i skatt og rammetilskot (dei såkalla «frie inntekter»). Dette er kr 2.313.000 meir enn «Anslag på frie inntekter i 2022» i regjeringa Solberg sitt framlegg til statsbudsjett. Rådmannen har høgda rammetilskotet (den faste delen av dei frie inntektene) med kr 2 mill., derav kr 1 mill. i grunnskuletilskot (kr 500.000 for kvar grunnskule). Resten av høgdinga (kr 313.000) gjeld skatt og inntektsutjamning (den variable delen av dei frie inntekter).

Til grunn for prognosen ligg at folketalet skal vere stabilt på 2.900 i heile økonomiplanperioden (men færre unge, og fleire eldre).

Det er budsjettert med kr 1,2 mill. i skjønsmidlar i 2022, og deretter kr 1 mill. kvart år i økonomiplanperioden. I 2021 fekk vi kr 1,5 mill. i skjønsmidlar. Det er lagt til grunn 0,5 % realvekst i framskrivingane. Det er budsjettert med om lag kr 19,3 mill. i pensjonskostnad kvart år i økonomiplanperioden.

Det er budsjettert med kr 4.750.000 i utbyte frå Vest-Telemark kraftlag (VTK) i 2022 og kr 3,8 mill. for åra deretter, dvs. eit samla utbyte til eigarkommunane på kr 25 mill./kr 20 mill. Seljord kommune eig 19 % av VTK. Sal av konsesjonskraft er budsjettert for perioden 2022-2024 etter budsjett/estimert frå leiar i konsesjonskraftstyret i Telemark i e-post 04.10.2021 slik; 7,9 mill. i 2022, kr 5,5 mill. i 2023 og 2024, og rådmannen har lagt til grunn at 2025 blir lik 2024 (kr 5,5 mill.). Straumutgiftene er budsjettert i 2022 til å bli 40 % høgare enn i 2020, og 2023-2025 er budsjettert 15 % lågare enn 2022. Budsjetterte straumutgifter er då slik: Kr 5,2 mill. i 2022, og kr 4,4 mill. 2023-2025. I 2021 var straumutgiftene kr 3,7 mill.

Seljord kommune har i dag eigedomsskatt på kraftverk («energianlegg») og noko næring (overgangsordningar frå tidlegare «verk og bruk»). Seljord kommune har hatt eigedomsskatt på «verk og bruk» sidan 1976. Inntektene for eigedomsskatten frå kraftanlegg, kraftnett og overgangsordningar gir omlag kr 7,7 mill. i årleg eigedomsskatt. Eigedomsskattelista frå Skatteetaten for kraftanlegg for 2022 kjem ikkje før 26. november, så her kan det bli endringar.

Rådmannen gjer framlegg om å skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile Seljord kommune frå og med 2022, jf. eigedomsskattelova § 3 a, med ein skattesats på bustader og fritidsbustader på 1 promille i 2022, 2 promille i 2023 og 2,5 promille i 2024 og 2025, og 7 promille for næringseigedomar i heile perioden. Inntektene frå den nye eigedomsskatten som er lagt inn rådmannens framlegg til budsjett er eit overslag, og utgjer kr 5,5 mill. i 2022, kr 8,5 mill. i 2023 og kr 10 mill. i 2024 og 2025. Kva eigedomsskatten blir, vert ikkje endeleg klart før i februar 2022 (utskrivingsfristen er innan 1. mars i skatteåret). Det er lagt inn kr 100.000 (overslag) til klagehandsaming i 2022.

I økonomiplanen legg ein til grunn 100 % sjølvkostdekning på drift og kapitalkostnader gjennom sjølvkostregimet. Frå 2021 til 2022 gir rådmannen sitt gebyrforslag ei samla gebyrauke på omlag 11,4 %, der avløp aukar med 32,7 % og slamtøming vert redusert med 10,0 %. I økonomiplanperioden (2023-2025) vert det ein liten reduksjon i gebyra (om lag 1 % ned frå 2022).

Driftsbudsjettet for 2022 er gjort opp med eit lite mindreforbruk (overskot) på kr 262.000 som er sett av til disposisjonsfond. Disponibelt disposisjonsfond er pr. kommunestyresak 80/21 kr 8,3 mill. Ved utgangen av 2025 er det budsjettet å auke til kr 12 mill.

Økonomiplanen vidarefører dagens tenestestruktur. I investeringsbudsjettet er det sett av kr 42,5 mill. til renovering/tilbygg Flatdal skule (kr 34 mill. ekskl. mva.). Investeringa er finansiert med kr 8,5 mill. i momskompensasjon, kr 28,5 mill. i tilbakebetaling/innløyning av lån til Vest-Telemark kraftlag AS og kr 5,5 mill. i nytt låneopptak. I tillegg er det ført opp kr 1,5 mill. (inkl. mva.) til etablering av to «hardbruksbustader». Elles er investeringsbudsjettet prega av «oppattføring» av investeringar som ikkje vart starta opp i 2021 (Seljord renseanlegg, vatn- og avløpsnett til Sinnesodden, vegopprusting/trafikktryggleik (Heivegen og gangs- og sykkelveg i Nordbygdi), fire bustadsosiale einingar, frå leige til eige (ein bustad) og kjøp av Flatin deponi.

I tillegg er det inne kr 1 mill. til trafikktryggleikstiltak, og opptak og utlån av kr 1 mill. i Startlån.

Budsjett for kontroll og tilsyn går fram av eiga sak til kommunestyret. Rådmannen har innarbeida budsjetttramma i framlegget sitt.

Vurdering:

Den store utfordringa for Seljord kommune framover er å sikre at vi beheld handlefridom inn i framtida. Årsrekneskapet for 2020 og tertialrapporteringar i 2021 viser med all tydelegheit at driftsnivået er for høgt, og ikkje innafor kommunens eigne økonomiske handlingsregler. Netto driftsresultat har over fleire år vore for svakt, samtidig som driftsreservane våre er marginale.

Seljord kommune står midt oppi ei stor endring av demografien. Vi blir fleire eldre og færre unge, noko som betyr at utgiftsbehovet innafor dei enkelte aldersgruppene endrar seg. Så langt har desse endringane i liten grad endra på kommunens prioriteringar; vi har over tid prioritert som om demografien ikkje er i endring. Vi vil få ei auke i kostnadane til den eldre delen av befolkninga i og med at dei blir fleire i åra som kjem. For å møte dette trengs det ei omprioritering mellom tenesteområda i den komande planperioden.

Seljord kommune sine utfordringar framover er følgande:

- For høyt driftsnivå

- For stort ambisjonsnivå
- Budsjettet må dreiest frå skule og oppvekst til helse og omsorg
- Store udekte behov ute i einingane
- Høge kommunale avgifter og auka gebyrsatsar kombinert med innføring av eigedomsskatt
- Stort vedlikehaldsetterslep på kommunal veg, eigedom og anna infrastruktur
- Store investeringsbehov på skulebygg og etter kvart sjukeheim/omsorgsbustader og helsesenter
- Store vedlikehalds- og investeringar innafor vatn og avløp

Rådmannen legg fram eit budsjettopplegg der det er teke høgde for kjente inntekter, inkludert eigedomsskatt på nærings eigedom og bustad- og fritidseigedomar frå 2022. På utgiftsida er det justert for politiske vedtak i 2021 som har driftskonsekvensar for økonomiplanen:

- K.sak 34/21, 29.04.2021 «Tiltak for å rekruttere og behalde nattevakter med sjukepleiarkompetanse» (kr 234.000).
- K.sak 36/21, 29.04.2021 «Behov for auka ressursar til heimesjukepleia» (1 årsverk, kr 656.580).
- K.sak 37/21, 29.04.2021 «Organisering av programområde samfunnsutvikling og drift» (1,35 årverk kr 920.000 og andre driftskostnader kr 80.000, totalt kr 1 mill.).
- K.sak 48/21, 17.06.2021 «Budsjettkontroll pr. 01.06.2021 – Driftsbudsjettet» (1 årsverk Flatdal skule til spesialpedagogisk oppfølging, kr 652.080).

Frå vedtak i gjeldande økonomiplan er reduksjon i driftsutgifter pga. «effektivisering helsesenter/samarbeid legekontor» ikkje gjort då det ikkje vart samarbeid med Kviteseid kommune. Framlegg til ny leigeavtale med Granvin kulturhus AS er lagt inn med ein meirkostnad på kr 130.025 (ny avtale er på kr 2.215.000, ekskl. bygdekinoen).

I løpet av eit rekneskapsår vert det ofte meirinntekter på sjukepengar, over det som tilsvarande bruk av vikarar (sjukevikarar) aukar med. Det er lagt inn kr 829.500 i «å tene på sjukepengar» (kr 750.000 + 10,6 % arbeidsgjevaravgift). Beløpet er lagt inn på ansvar 110 (eit av rådmannens fellesansvar), for i løpet av året å fordelast ut der «innteninga» skjer.

Løyvinga til PPT for 2022 er auka med kr 228.000. Dette er eigentleg høgdinga for 2021 som ikkje kom med i budsjettvedtaket for 2021.

Kommuneøkonomien er stram, ein ser at det blir vanskeleg for programområda å justere kurs og styre etter tildelt ramme. Det rådmannen er særskilt uroa over er alle dei tiltak og behov som er skissert frå einingane og som ligg som tiltak utanfor ramma, dvs. ikkje er med i rådmannens budsjettframlegg. Dette er viktige tiltak og behov som kommunen ikkje har midlar til å finansiere, og som vil påverke leveransen av tenester til innbyggjarane i tida framover. Samstundes fører det faktum at ein ikkje kan møte behovet for tilpassing av tenestnivå, ei auka fare for slitasje og høgt arbeidspress på dei tilsette.

Det er lagt opp til få nye tiltak i budsjettforslaget. Hovudgrepet ut over i planperioden er å styrke helse og omsorg, og slanke skule og oppvekst. Samtidig skal disposisjonsfondet fyllast opp.

Frå dei fire programområda vart det meldt inn totalt 48 tiltak, til ein kostnad på over 10 millionar. Rådmannen hadde rundt 1 million å bruke på nye tiltak, og har i sitt forslag prioritert følgande 6:

- 2 nye fastlegeheimler
- 1 sjukepleierstilling
- 10 % auka stilling til hukommelsesteam på open omsorg
- 10 % auka stilling til demensteam på institusjon
- Nytt journal- og arkivsystem til psykisk helse og rus
- Kr 150 000 i tilskotsordning til frivillige lag og organisasjonar

Konklusjon:

Rådmannen rår kommunestyret å fatte følgende vedtak i saka:

- 1 Kommunestyret vedtek forslag til budsjett 2022 og økonomiplan/handlingsprogram 2022-2025 slik det ligg føre i innstillinga frå rådmannen. Jf. kommunelova § 14-3. 4 ledd, vert framlegg til økonomiplan og årsbudsjett lagt ut til offentleg ettersyn i 14 dagar.
- 2 Det kommunale skatteøyret vert fastsett til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek.
- 3 Kommunestyret vedtar følgjande for eigedomsskatteåret 2022 i Seljord kommune:
 - A. For eigedomsskatteåret 2022 skal det skrivast eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav a.
 - B. For eigedomsskatteåret 2022 skal det òg skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" i samsvar med overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2022 vere lik 3/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk, som frå og med 2019 blir rekna som nærings eigedom.
 - C. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2022 er 7 promille. For bustadar og fritidsbustadar er skattesatsen for skatteåret 2022 1 promille. Jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd og § 13 andre ledd.
 - D. Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd, med forfall 20. mars, 20. juli og 20. november.
- 4 Investeringsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av «Bevillingsoversyn investering» og «Investeringar i varige driftsmidlar». Sum investeringsutgifter i 2022 er kr 48.112.000 Opptak av lån i 2022 er kr 27.617.000. I tillegg kjem kr 1.000.000 i Startlån til vidare utlån.
- 5 Driftsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av «Bevilgningsoversyn drift, del A og B». «Sum bevilgningar drift, netto» er i 2022 kr 218.638.484, som er vedteke fordelt på programområder, einingar, ansvar og del av ansvar, slik det går fram av «Bevilgningsoversyn drift del B».
- 6 Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost. Innan VARF-området vert sjølvkost rekna ut i frå prinsippet om 100% dekningsgrad. Andre kommunale prisar og gebyrsatsar blir vedtekne slik det går fram av vedlegget «Oversyn over betalings satsar for kommunale tenester 2022».

Vedlegg:

- Vedlegg
- 1 • Momentum Budsjettnotat - Seljord kommune 2022 (2021_10_06)
- 2 • Handlingsprogram til samfunnsdelen av kommuneplanen 2022-2025
- 3 • Tiltakslistar frå alle programområda
- 4 • Vedlegg til Gul bok - gebyr og avgift PO2 2022 - versjon 29.10.2021
- 5 • Budsjett og økonomiplan 2022-2025
- 6 • Innspel til budsjett 2022 - Flatin veglag og Presteneset Veglag
- 7 • Innspel til budsjett - Utdanningsforbundet
- Budsjett 2022 og budsjett og økonomiplan 2022 – 2025

- Handlingsprogram til samfunnsdelen
- Tiltakslistor frå alle programområda
- Oversyn over betalingsattsar for kommunale tenester i skule og oppvekst for 2022
- Årsgebyr – budsjettnotat frå Momentum